

FEMTI ÅR

1925
1975

104238

1943 - radioens rolle

Programbladet har bede Olav Rytter fortelja litt om korleis den norske kringkastinga frå BBC London kom i gang og hovuddraga i det vidare arbeidet.

Etter dramatiska morgontimar i Dagsnyttavdelinga niande april og ikkje mindre dramatiska hendingar på Hamar og Elverum om kvelden same dagen, sat eg etter oppdrag frå militært hald den tiande april i generalstaben på Rena og lydde på utanlandske stasjonar, med tanke på ei «veggavis» for stabsoffiserane.

Då høyrdde eg brått ei Bergens-røyst lese ein norsk dagsnytt-bulletin frå BBC London, fylgd av liknande sendingar på dansk, fransk og andre språk. Dei neste fem åra skulle eg bli godt kjend med eigaren av denne røysta: Leif Konow.

Dagen etter, den ellefte april, dro eg til Nybergsund for å søkje kontakt med informasjonstenesta til regjeringa. Arbeidet der vart avbrote av bombeåttaket mot Kongen og regjeringa om ettermiddagen. Først dagen etter fekk eg telefonkontakt med sjefen min, Toralv Øksnevad; han var no komen til Stockholm som presseatsjé. Han bad meg koma til Stockholm på flekken, og der fekk eg vita at eg skulle til London for å tala i den norske kringkastinga frå BBC. Stortingspresident Hambro gav meg manuskriptet til ei kvitbok om hendigane i Noreg, den skulle eg lesa opp så snart eg var framme. I same flyet til Skottland var to losar som skulle løse britiske krigsskip til Andalsnes.

Eg hadde første dagsnyttssendinga frå BBC 19de april, med ei skildring av situasjonen i Noreg. Ved ein pressekonferanse arrangert av minister Colban vart det høve til å draga fram senkinga av «Blücher» og det forspranget det gav regjeringa, trefninga på Midtskogen, og først og fremst Kongens nei og den fullmakta Stortinget hadde gjeve regjeringa på Elverum.

Representanten for Columbia Broadcasting System, Edward Murrow, gav meg høve til å gå i møte visse negative skildringar frå Oslo av særleg amerikanske journalistar.

Den britiske kringkastinga hadde sett i gang dagsnytt-tenester på alle dei «allierte måla», frå 9. april også på norsk og dansk. Den drivande kraft i dette var den kjende kringkastingsmannen Newsome. Han fekk knytt til seg som hallomenn ei rad med nordmenn som budde i London. Det var forutan Leif Konow, Axel



Olav Rytter, leiar av militært oppsett kringkastingsavdeling, med tanke på ein eventuell invasjon i Noreg.

Fire av dei mest kjende røystene i norsk radio frå London under krigen: Olav Rytter, Karl C. Lyche, Hartvig Kiran og Toralv Øksnevad.

Thorstad, korrespondent for Dagbladet, bankmannen Sigurd Andersen, tenestemann i reisekontoret i London Birger Bergaust og journalist Martin Martinsen.

Etter at Toralv Øksnevad kom over til London i midten av august 1940, vart Norsk Rikskringkasting etter kvart etablert som ein sjølvstendig institusjon, med eige kontor, på line med alle andre offisielle regjeringsinstansar i London.

«Norwegian State Broadcasting in cooperation with BBC», var den allmenne nemninga. Og under den målmedvetne førarskapen til Toralv Øksnevad som norsk programsjef, voks dette samarbeidet fram på ein måte som både i motgang og medgang har vorte eit godt minne, både for oss og dei britiske medarbeidarane våre, særleg sidan den entusiastiske Noregs-venen H. D. Winther vart editor i den norske avdelinga i BBC, med ansvar for alt krigs-dagsnytt utanom Noreg. Vi var sjølv sagt underlagt britisk militærsensur, men i alt nyhendestoff om og frå No-


reg hadde Øksnevad det siste og avgjerande ordet.

I dette hadde han stønad i det trygge grunnlaget den norske regjeringa hadde i Elverum-fullmakta og handelsflåten. Vi var såleis betalte av vår eiga regjering, ikkje av BBC.

Det kan i det heile seiast at den norske kringkastingsstenesta frå London stod i ei særstode mellom dei nokre og tjuve nasjonane som var representerte i BBC, i og med at praktisk tala heile staben i Dagsnytt- og aktualitetsavdelinga i NRK etter kvart var samla i London.

I januar 1941 kom Hartvig Kiran over og i 1944 Karl C. Lyche. Såleis vart det skapt ein organisk kontinuitet i arbeidet. Vi hadde i det heile kjensla av at vi representerte Norsk Rikskringkasting på framand, men alliert grunn, ikkje berre i namnet, men — det var vår von — også i gagnet, som frie talsmenn for det stridande Noreg.

Vi hadde mange slike talsmenn. Forutan Øksnevad og hans ofte politisk brennaktuelle taler, var Arne Ording fast kronikar med grunnsolide orienteringar om si-



under krigen



I kjellar, på loft og ymse andre stader vart nytt frå London avlytta og kunngjort vidare i dei illegale avisene, ofte med primitive hjelperåder. (Foto: Norsk Hjemmefrontmuseum).

tuasjonen på dei militære og politiske frontane.

Nordahl Grieg kom til oss med dei kjensleborne og samstundes realistiske reportasjane sine frå kampar til sjøs og i lufta. Jacob Worm-Müller sette den harde samtida inn i historisk perspektiv. Hjalmar Riiser-Larsen letta sin brennande indignasjon over valds- makt og urettvise. Statsminister Nygårdsvold tala — med all den saklege pondus som var hans. Når Kongen tala var det høgtid også i vårt fronge studio. Men lat oss ikkje gløyme det ukuelege mot og den uovervinnelege op-

timisme som klang att i helsing- ord og appellar frå «meinig mann» i reportasjane våre frå sjø og land.

Den britiske kringkastinga reid stormen av utan noko alvorleg brøt i sendinga. Den harde bom- betida hausten og vinteren 1940 —41, med bombeåtak så å seia kvar einaste natt i månadsvis, var ei hard og dryg påkjenning for oss alle, ikkje minst det tekniske personellet i BBC. Men parolen var her som elles: Livet og ar- beidet skal gå sin gang.

Om kvelden den 15de oktober 1940 gjekk ei tidsinnstilt bombe inn i femte-etasje i Broadcast- ing House. Personellet vart eva- kuert ned i kjellaretasjane. Om eit par timar sprang bomba, før det lukkast bergingsmannskapet å fjerne henne. Sju menneske

vart drepne. Murstykke losna og kalkstøvet stod ikring oss. Men arbeidet og sendingane gjekk sin gang. I midten av desember måtte Kringkastingshuset rømost midt på natta under hard bom- bing. Ei landmine hadde landa beint utanfor huset. Den norske hallomannen nådde fram til re- servehuset eit par minuttar for seint til å lesa midnattsendinga. Det var den einaste sendinga det lukkast Luftwaffe å øydeleggje for oss.

Utpå nyåret øydela eit par brannbomber dette huset, og vi vart flytte over til det tredje og siste huset vi arbeidde i, det so- lide Bush House på Strand. Det reid alle seinare stormar av.

Ei stor oppleving for alle oss som arbeidde på den norske ute- fronten var samværet med bri-

tane, ikkje minst «mannen i gata». Den sjølvgløymande offerviljen, det rolege elskverdige modet som den jamne britiske borgaren syn- te, gjorde eit ugløymeleg inn- trykk. Dette var ein moralsk stø- nad for alle oss nordmenn på framand men alliert grunn.

Det vaks også fram eit særleg internasjonalt samhold mellom dei meir enn tju nasjonane som var representerte i BBC, og i samarbeidsorgan som Interallied Information Committee. Fleire hundre frå dette internasjonale miljøet var å finne i FN's tenes- te etter krigen. Eg møtte mange av dei under mine femten år i fjerne og nære land i FN's infor- masjonsteneste. Vi minstest alltid med glede og takksemnd den kam- pen som vart ført med «det fjer- de våpen» frå Broadcasting Hou- se, London.